



**HØGSKULEN I VOLDA**

Volda University College

## Nyhendebrev nr. 18, 12. mai 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### 17. mai: Avdeling for kulturfag ber fana

Som tidlegare år - før korona! - blir fana til Høgskulen i Volda å sjå i folketoget. Det går på ettermiddagen 17. mai. Og i 2022 er det Avdeling for kulturfag som har æra av å bere fana til høgskulen. Vi oppmodar alle tilsette og studentar om å stille seg bak HVO-fana!

[LES MEIR](#)



### Forlenga professor II-avtalar med Børhaug og Krumsvik

Høgskulestyret har vedtatt å kalle [Kjetil Børhaug](#) og [Rune J. Krumsvik](#) som professor II-arar ved Høgskulen i Volda. Begge har alt vore professor II-arar ved Høgskulen i Volda i fleire år. Børhaug held fram som professor II ved avdeling for samfunnsfag og historie medan Krumsvik er ved Avdeling for kulturfag.



## Bygdepride held fram - parade laurdag

Bygdepride held fram mot avslutningshelga 13.-14. mai. Tilsette, studentar og andre som har lyst blir oppmoda til å gå bak HVO-fana i paraden laurdag.

[LES MEIR](#)



## Rektorbloggen: Science and theology - greetings for the ESSSAT-conference

Høgskulen i Volda har saman med fleire andre aktørar arrangert vitskapleg konferanse i Ålesund: "Global sustainability. Science and Religion in dialogue". Les opnings- og avslutningshelsinga på rektorbloggen.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv:



### **Kvalpar mot eksamensnervar**

Voldastudent Opal Mariell Solrunnsdatter tok med seg seks veker gamle kvalpar for å roa eksamensnervane til studentar i Volda. Eit svært populært tiltak! [Les meir om dette - og andre tiltak mot eksamensstress i nettavisa Khrono.](#)

### **Menyen i kantina neste veke**

Måndag: Vegansk nøttesteik med rosenkål og potetmos/Vegansk brokkolisuppe

Onsdag: Baccalao/Grønsaksuppe

Torsdag: Ball med tilbehør/Maissuppe med kylling og tomat

Fredag: Tacobuffé

### **Rokken Café startar opp att i august - skal tilsette kafemedarbeidar**

Rokken Café har vore stengd lenge, men i august 2022 startar kafedrifta opp att, melder Sivolda. Sivolda lyser samtidig ut stilling som Kafémedarbeidar. [Les meir om stillinga på nettsida til Sivolda.](#)

### **Panta for Ukraina**

Studentparlamentet har gjennomført ein pantekampanje for å samle inn pengar til Ukraina. Resultatet vart 500 flasker og kr 700,- som har gått til Røde Kors som sender dei vidare til Ukraina. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### **Skal tilsette inntil 26 studentassistentar - søknadsfrist 27. mai**

Ved Høgskulen i Volda er det ledig inntil 26 stillingar i inntil 20 % over 5 månadar (august–desember) som studentassistentar. Som studentassistent vil du bidra til at studenter får eit godt læringsmiljø. Aktuelle oppgåver kan variere ut frå behov og kompetanse, og vil i hovudsak vere rettleiing av medstudentar i fagleg arbeid, leie kollokviegrupper, seminargrupper og læringsgrupper. Andre oppgåver kan bli lagt til stillingane. [Les meir om stillingane og send søknad på nettsidene våre.](#)

### **Studentprisen 2022: Frist for nominasjon er 12. juni**

Kjenner du ein student som har lagt inn ein ekstra innsats i år for å betre studiekvaliteten? Kanskje fleire studentar som i lag har engasjert seg spesielt hardt i ein studentorganisasjon eller som har teke eit ekstra engasjement i klassa di for å samlast sosialt under pandemien? Om svaret var ja på minst eit av desse spørsmåla, så ønskjer Studentparlamentet, Studentsamskipnaden i Volda og Høgskulen i Volda at du tek deg tid til å [nominere den eller dei studentane - innan 12. juni.](#)

### **Studiestart 2022-2023: Fellesarrangement 16. august kl 11.00**

Studieåret 2022-2023 blir markert med ei opningshøgtid som før korona, og det vil seie at det blir eit stort fellesarrangement, spesielt for nye studentar, på baksida av Berte Kanutte-huset. Ei viktig endring i høve til tidlegare år er at opninga tek til kl 11.00, som er ein time tidlegare enn før om åra. Då blir det litt betre tid til dei faglege arrangementa før fadderane og Fadderveka tek med seg studentane vidare. [Informasjon og detaljprogram for studiestart blir å finne på studiestartportalen.](#)

### **NOKUT inviterer til digitalseminar om studiekvalitet**

NOKUT inviterer tilsette og studentar til tre digitale seminar om studiekvalitet. Interesserte må melde seg på førehand, og påmeldingsfristen er fredag 27. mai.

[Studietilsynsforskrifta for begynnara \(30. mai, kl 09.00-12.00\)](#)

[NOKUTS kvalitetsområde for studieprogram \(30. mai, kl 13.00-15.00\)](#)

[Periodiske evalueringar av studieprogram \(31. mai, kl 09.00-12.00\)](#)

### **Tinging av undervisningsrom for hausten 2022 - frist 15. mai**

Sentral romtingar Tanja Sundal har sendt ut e-post med informasjon om tinging av undervisningsrom for hausten 2022. Det er noko trangt på høgskulen, så alle blir oppmoda til å berre tinge rom som faktisk trengst. Romtinging og timeplanar er kopla saman timeplan i Canvas og i oppmøte-verktøyet NOA så det er viktig at dette blir rett slik at studentane ikkje skal få fråvær på feil grunnlag.

### **Forebyggingsforum 2022: "Ut av det blå? Gutar og sjølv mord"**

Velferdsgruppa ved Høgskulen i Volda vil 24. mai delta digitalt på seminaret "Ut av det blå? Gutar og sjølv mord" som blir arrangert av fagmiljø på området i Bergen. Dei som ønsker å delta kan møte opp i Vesle BK, 24. mai kl 9. [Her er lenke til arrangementet på Facebook.](#)

### **Pensumlistar for hausten 2022: Klare for redigering i Leganto - frist 15. mai**

Biblioteket har no lagt til rette for at pensumlistene for hausten 2022 kan redigerast i Leganto. Som tidlegare år er det pensumlistene frå i fjor haust som no er kopierte over til hausten 2022 for vidare redigering og oppdatering. Ta kontakt med biblioteket om du ikkje finn "di" pensumliste, og hugs å trykke "Send til biblioteket" etter at du er ferdig å redigere. Frist for pensumlistene er som tidlegare år 15. mai. Alle tilsette har fått meir detaljert informasjon om dette. [Les meir om Leganto på nettsidene våre](#)

### **Rokken i mai: Bygdepride, Rotlaus og Crashville.**

Programmet på Rokken Scene finn du blant anna på [nettsida deira](#).

## Styre og stell

### **Lønsforhandlingane 2022: Streikevarsel til Høgskulen i Volda**

Akademikerne, Unio og YS har varsla at Høgskulen i Volda er blant institusjonane der tilsette kan bli tatt ut i streik om meklinga ikkje fører fram.

### **Høgskulestyret: Sakspapir og video frå møtet 5. mai**

[Sakspapira til møtet er å finne på nettsidene våre](#)  
[Videoopptak frå styremøtet](#) er tilgjengeleg nokre dagar framover.

### **Høgskulestyret (2): Går vidare med Hans Strøm-prosjektet**

Høgskulestyret vedtok i møtet 5. mai å gå vidare med Hans Strøm-prosjektet. Det er førebels uavklara kva som blir den samla kostnaden på ombygging, oppussing og anna. Høgskulen i Volda og Statsbygg deler på kostnadene. Det blir om kort tid klart kva firma som har vunne anbodskonkurransen på prosjektet og etter det vil det blir kjent kva som er kostnadene ved prosjektet. Dei tilsette ved Avdeling for samfunnsfag og historie har sin arbeidsdag i Hans Strøm-huset og er no i full gang med å flytte over til andre arbeidsplassar i byggetida. Både Ivar Aasen-huset og fleire av paviljongane ved høgskulen vert mellombelse arbeidsplassar.



### **Høgskulestyret (3): Ann Kristin Emblem får tilbod om å bli mellombels direktør ved Høgskulen i Volda**

Høgskulestyret ved Høgskulen i Volda har vedtatt å tilby studiedirektør Ann Kristin Emblem mellombels stilling som direktør frå 1. august 2022. Ann Kristin Emblem (59) vart tilsett som studiedirektør ved høgskulen i 2021. Ho har blant anna utdanning som jurist frå Universitetet i Oslo og har ein mastergrad i kunnskapsleiing frå Handelshøjskolen i København. Tidlegare har ho arbeid som rektor/regionleiar i Folkeuniversitetet Midt-Noreg, fylkesskattesjef i Nord-Trøndelag, likningssjef i Trondheim kommune og har også hatt fleire andre leiarstillingar. Høgskulen treng ny mellombels direktør frå 1. august fordi noverande direktør Karen Lomeland Jacobsen har sagt opp stillinga. Det er uvisst kor lenge den mellombelse direktøren skal fungere, men det blir avklara når Høgskulestyret i juni avgjer leiingsmodell for framtida.

### **Høgskulestyret (4): Styret drøfta leiingsmodell - les omtale i Khrono**

Nettavisen Khrono følgde med på videooverføringa frå styremøtet ved Høgskulen i Volda og valde å fokusere på debatten om leiingsmodellen, altså vald eller tilsett rektor. [Les artikkelen i Khrono](#). Saka skal opp til endeleg avgjerd på neste møte i høgskulestyret, 16. juni.

### **Høgskulestyret (5): Understrekar at administrasjonsspråket er norsk**

Høgskulestyret vedtok ei justering av forretningsordenen der det vart teke inn i forretningsordenen at administrasjonsspråket i styret er norsk. Når det gjeld krav om norskkunnskapar til framtidige styremedlemmer er det ei sak som vil bli drøfta i samband med justering av valreglementet ved Høgskulen i Volda, og det kjem opp som sak i neste møte.

### **Tilstandsrapporten for høgare utdanning - om Volda**

Den årlege rapporten om tilstanden i høgare utdanning vart offentleggjort 10. mai. [I rektorbloggen kan du lese kva der står om Volda](#).

## Fag og forskning

### **Fagdag om Tarjei Vesaas - i samarbeid med dei nynorsk festspela**

I 2022 er det 125 år sidan [Tarjei Vesaas](#) vart fødd, og det blir markert med fagdag på Høgskulen i Volda måndag 13. juni, etter [dei Nynorske festspela](#). Blant bidragsytarane på fagdagen er [professor Jan Inge Sørbø](#), ASH, og [professor Magnar Åm](#), AKF. [Les meir om arrangementet og meld deg på på nettsidene våre](#).

## Forskningsmidlar, forskingsaktivitetar og fristar:

**Nominer kandidatar til FoU-prisen innan 12. mai**

Fram til 12. mai kan tilsette og studentar ved HVO nominere kandidatar til FOU-prisen for 2022. Prisen blir tildelt av høgskulestyret, og blir delt ut på Forskningsdagane 23. september 2022. Her er [informasjon om prisen, retningsliner for tildeling og tidlegare prisvinnarar](#).

### **Forskningsutvalet: Ny utlysing av såkornmidlar - frist 16. mai**

Forskningsutvalet tildelte på møtet 17. februar såkornmidlar for 2022 på ca. Halvparten av det budsjetterte beløpet på kr 900.000. Forskningsutvalet vedtok å lyse ut midlane på nytt med søknadsfrist 16. mai og tildeling 2. juni. Midlane må brukast i 2022. [Les meir om såkornmidlar og søknadsskjema](#).

### **Nynorsk kultursentrum: Konservator i nynorsk kulturhistorie - frist 22. mai**

Vil du dokumentere nynorsk kulturhistorie? Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur søker etter ein nysgjerrig og strukturert kunnskapsmedarbeidar. Den nye medarbeidaren har som hovudoppgåve å dokumentere nynorsk kulturhistorie, primært gjennom arbeidet med leksikon og arkiv. Stillinga blir ein del av det museumsfaglege arbeidet ved Aasentunet i Ørsta og forskingsarbeidet i institusjonen. [Les meir om stillinga på nettsida til Nynorsk kultursentrum](#).

### **Inntil 3 professor-/dosentstipend - søknadsfrist 15. juni 2022**

Førstelektorar og førsteamanuensar ved Høgskulen i Volda har fått informasjon og invitasjon til å søke på professor-/dosentstipend. Søknadsfristen er 15. juni 2022. Kvinner vert særskilt oppmoda til å søkje. Vilkåra for stipenda er som tidlegare år. Dette er ei støtteordning som er særmerkt for Høgskulen i Volda og av dei 13 som har teke til på ordninga sidan 2014 har 6 fått opprykk til professor/dosent. [Les meir om vilkåra for ordninga på nettsidene våre](#).

### **11 millionar å hente frå Regionalt Forskningsfond for Møre og Romsdal**

Regionalt Forskningsfond for Møre og Romsdal har tilgjengeleg midlar som forskarar ved Høgskulen i Volda kan søke på. Den største ordninga er kalla [Kvalifiseringsprosjekt](#) som har som formål å "Styrke forsknings og innovasjonsevnen til næringsliv og kommunal sektor i Møre og Romsdal, og bygge relevant kunnskap hos FoU-miljøa". Søknadsfristen er løpande og det er 10,5 mill tilgjengeleg. Ei anna ordning under RFF er kalla [KSP \(Kompetanse- og samarbeidsprosjekt\)](#) og her er det tilgjengeleg kr 750.000 og det er også løpande søknadsfrist. [Seniorrådgivar Bjørn Tafjord](#), ASH, kan svare på spørsmål om ordningane.



# Publisering og formidling

## Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

## Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Volda's nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

# Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

## Høgskulelektor i pedagogikk - søknadsfrist 12. mai

Ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, Institutt for pedagogikk er det ledig inntil to mellombelse stillingar for høgskulelektor i pedagogikk i tida 1.8.2022–31.7.2023. Det kan også vere aktuelt å tilsetje i deltidsstilling. Institutt for pedagogikk inkluderer barnehagelærarutdanning, grunnskulelærarutdanning, praktisk-pedagogisk utdanning, rettleiarutdanning og mastergradene i spesialpedagogikk og barnehagekunnskap. I tillegg deltek også fagmiljøet i lokal kompetanseutvikling og i etter- og vidareutdanningstilbod. Det er 34 tilsette ved instituttet. Dei tilsette ved instituttet har brei kompetanse innanfor allmennpedagogikk, profesjonsretta pedagogikk og spesialpedagogikk, og har eit rikt og mangfaldig forskarmiljø med pågåande prosjekt nasjonalt og internasjonalt. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

## Sivolda: Kafémedarbeidar Rokken - søknadsfrist 20. mai

Vil du jobbe hos oss på Rokken Café? I midten av august startar vi opp med nytt konsept og ny giv, og vi vil veldig gjerne ha deg med på laget! Har du relevant erfaring frå bransjen og gode samarbeidsevner kan dette vere jobben for deg. Vi er på utkikk etter to kafémedarbeidarar i 60%

stilling som kan vere med å gjere Rokken Café til ein hyggjeleg plass for både studentar og lokalbefolkninga. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene til Sivolda.](#)

### **Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i musikk - søknadsfrist 23. mai**

Ved Høgskulen i Volda, avdeling for kulturfag, Institutt for musikk er det ledig 60% fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i musikk frå 1.8.2022. Det er moglegheit for utviding inntil 100% alt etter fagkombinasjon.

Institutt for musikk tilbyr årsstudium og bachelorstudium i musikk og musikkfaglege emne i barnehagelærerutdanning og i praktisk-pedagogisk utdanning. Instituttet er i tillegg partner i Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies og er samarbeidspartner i fleire forskings- og utviklingsprosjekt med fokus på musikkundervisning i skule, kulturskule og barnehage. Vi søker ein dyktig og framtidsretta musikkpedagog med gode samarbeidsevne til arbeidsoppgåver innan desse områda.

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

### **Administrasjonssjef, Avdeling for mediefag - søknadsfrist 23. mai**

Ved Høgskulen i Volda, til Avdeling for mediefag (AMF) er det ledig ei heil stilling som administrasjonssjef frå 1.8.2022. Den som blir tilsett er leiar for avdelingsadministrasjonen, inngår i AMF si leiargruppe og rapporterer til dekan. AMF har om lag 550 studentar og 50 tilsette. Vi tilbyr ulike medieutdanningar, og driv omfattande forskingsaktivitet og utviklingsarbeid.

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

### **Stipendiatstillingar i barnevernsarbeid - søknadsfrist 1. juni 2022**

Høgskulen i Volda søker etter stipendiatar ved Avdeling for Samfunnsfag og historie, Institutt for sosialfag (ISF). Vi ønskjer søkarar som har relevante forskingsprosjekt på området barnevern/barnevernsarbeid, gjerne med problemstillingar innanfor: Minoritetsarbeid, tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid (barnevern-barnehage-skule-PPT-Bup), arbeid med barn og familiar, juridiske problemstillingar med relevans for barnevernsarbeid. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

### **Sivolda: Barne- og ungdomsarbeidar (barnehagen) - søknadsfrist 6. juni 2022**

Er du ein engasjert barne- og ungdomsarbeidar? På jakt etter ein kjekk og utfordrande jobb? Røysmarka studentbarnehage har ledig vikariat i barnehageåret 2022/23. Vi søker ein person med relevant utdanning og gode samarbeidsevner, som kan vere med å skape ein god kvardag for barna. Det er ei 60% stilling, med moglegheit for meir. [Les meir om stillinga og send inn søknad på](#)

[nettsidene til Sivolda.](#)

## **Professor/dosent i matematikdidaktikk - søknadsfrist 15. juni 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, institutt for realfag, er det ledig ei fast 100 % stilling som professor/dosent i matematikdidaktikk frå og med 1.8.2023. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

# Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

7.-15.5.: [Bygdepride](#)

17.5.2022: 17.mai-feiring. Faneberar: AKF

1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)

2.6.2022: [Forskingsutvalet](#)

2. - 3.6.2022: Avdelingsseminar AMF

03.06.2022: Disputas, [Anita Dyb Linge](#), HVO

09.-12.06.2022: [Dei nynorske festspela](#), Volda/Ørsta

13.06.2022: [Fagdag om Tarje Vesaas](#), HVO

14.06.2022: [Nettverkstreff: Kvinnar innan forskning ved HVO](#)

16.6.2022: [Høgskulestyret](#)

16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022, tema: Nyskaping](#), Loen

9.6.2022: Sommaravslutning AKF

20.6.2022: Sommaravslutning ASH

21.6.2022: Felles sommaravslutning, BK Kantina

22.6.2022: Sommaravslutning AMF

## **Hausten 2022:**

16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)

4.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)

23.-27.9.2022: [Forskingsdagane 2022](#)

29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)

16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset

18.11.2022: Avdelingsseminar ASH

# Faste lenker:

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

10.5.2022: [Tilstandsrapporten 2022: Kva seier den om Volda?](#)

4. og 8.5.2022: [Opningshelsing](#) og tale på [avslutning på ESSSAT-konferansen](#): "Global sustainability. Science and religion in dialogue".

5.5.2022: [Orientering til høgskulestyret, styremøte 5. mai](#)

1. mai 2022: [Ytringsfridom, krigen i Ukraina og to vladimirar](#)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

## STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)

